

REGLAR FOR KOMMUNALE TILSKOT TIL NÆRINGS- LIVET I ÅSERAL.

Reglane utfyller vedtektene for bruk
av kraftfondet gjevne av kommunal-
og regionaldepartementet



UTFYLLANDE HANDSAMINGSREGLAR TIL VEDTEKTENE FOR KRAFTFONDET

KAP. I ALMINNELIGE FØRESEGNER

§ 1 - Heimeleg, kapital og avkastning.

Fondsmidlane er dei midlane som til ei kvar tid er til rådighet i henhold til § 1 i vedtektene for kraftfondet.

§ 2 - Føremål/Virkeområde

Føremålet er å oppfylle kommunen sine til ei kvar tid gjeldande næringspolitiske målsettingar slik desse er uttrykt i kommuneplan, og økonomiplan. Føremålet kan ikkje vera i strid med vedtektene for kraftfondet.

KAP.II STØTTEFORMER, VILKÅR, STØTTEGRUPPER OG STØTTENIVÅ

§ 3.1 - Støtteformer

Tilskot skal til vanleg vera den aktuelle støtteform.

Det blir ikkje gjeve lån eller garantiar for låneopptak. .

Kommunale garantiar og kommunal aksjeteikning slik vedtektene for kraftfondet gir høve til, vil bare vera aktuelt i spesielle tilfeller.

§ 3.2 - Vilkår

Søkaren (verksemda) skal ha forretningsadresse i Åseral. Den delen av verksemda som naturleg kan foregå i Åseral skal vera plassera her.

Arbeidet kan setjast i gang når søknaden er sendt. Dette skjer på eige ansvar og får ikkje innverknad på handsaminga av søknaden.

Det kan berre gjevast tilskot til etableringar på kommunen sitt næringsområde.

Unnatak frå dette er:

- bygningar som har reiseliv som primærfunksjon og primærmarknad og som må plasserast hensiktsmessig ut frå dette
- bygningar som bidreg til næringsutvikling i sentrum (Austrud)

Bare utgifter som fell innafør støttegruppene omtala nedanfor, og dei spesifiseringane som der er gitt, kan godtakast som del av eit tilskotsgrunnlag.

Ved kvart vedtak om økonomisk støtte frå kommunen, blir det utarbeidd eit løyvingsbrev. I dette skal generelle og spesielle føresetnader for vedtaket gå fram. Løyvingsbrevet inneheld og ei erklæring om at støttemottakar er kjent med føresetnadene for vedtaket og at han vil oppfylla desse. Løyvingsbrevet skal signerast av søkjaren og returnerast til kommunen før vedtaket er gyldig.

Føresetnadene ved kommunale garantiar og kommunal aksjeteikning vil bli fastlagd i kvart einskild høve.

Fristen for å gjennomføra det aktuelle tiltaket er løyvingsåret pluss ytterlegare 3 år.

§ 3.3 - Støttegrupper

§ 3.3.1 - Investeringar

Det kan gjevast tilskot til investeringar i bygningar for produksjon. Det gis ikkje tilskot til bygningar med rein lagerfunksjon.

Det gis ikkje tilskot til mobile driftsmiddel. Heller ikkje når slike har preg av å vera eit internt transportmiddel innafør verksemda. Unnateke frå dette er løypemaskinar.

Fylgjande kostnader kan tas med i tilskotsgrunnlaget:

- Utgifter til kjøp av tomt,
- grunnarbeid,
- byggekostnader.
- lønsutgifter på kr 300 per time,

- Løypemaskinar

Ved nyetableringar kan det i tillegg også gis tilskot til:

- maskiner av golv- og veggfast karakter,
- datautstyr

§ 3.3.2 - Kompetansehevande tiltak

Det kan gis tilskot til kompetanseoppbygging.

Det gis ikkje støtte til kompetanseheving som blir gjort som følgje av offentlege pålegg. I tillegg må det kompetansehevande tiltaket tilføre ny relevant kompetanse for å vidareutvikle bedrifta.

Fylgjande kostnader kan tas med i tilskotsgrunnlaget:

- Kursavgift
- Utgifter til opphald i samband med kurs

§ 3.4 - Støttenivå

Om støtte frå andre offentlege finansieringskjelder gjer at den samla offentlege støtta kjem over 50%, skal kommunen si støtte automatisk reduserast tilsvarande.

Tilskot til investeringar kan gis med inntil 20% av tilskotsgrunnlaget.

Tilskot til løypemaskinar kan gis med inntil 10% av tilskotsgrunnlaget. Løypemaskinar blir finansiert utanom budsjettert beløp til anna næring. HDU innstiller til KOU. Løypemaskinar blir avskrivne over 8 år.

Tilskot til kompetansehevande tiltak kan gis med inntil 20% av tilskotsgrunnlaget.

Det kan ikkje gis støtte til driftskapital. Unnateke frå dette er eventuelle driftstilskot til næringsorganisasjonar, kulturfestivalar etc.

Føresetnaden for å få tilskot til investeringar er at søkjar har investert kr 250.000,- eller meir.

Føresetnaden for å få tilskot til kompetanseheving er at søkjar har investert kr 25.000,- eller meir.

Ved støtte til særleg store prosjekt, eller når den økonomiske situasjonen tilseier det, må vilkåra vurderast særskilt.

KAP. III SAKSHANDSAMING

§ 4 - Forvalting

Delegering av avgjerdsmynde er regulert i delegasjonsreglementet.

HDU har mynde til å avgjera saker innafor utvalet sitt budsjett.

Søknader om tilskot blir handsama to gonger kvart år. Søknadsfristar er 15.3 og 15. 9. Dette gjeld alle søknader, uavhengig av storleik.

Søknader som har blitt handsama to gonger utan å bli prioritert er å rekna som avslått.

§ 5 - Innhald i søknaden:

Søknad med naudsynte plan-/byggeteiknar, kostnadsoverslag, budsjett og evt. driftsplan skal sendast Avd. for drift og utvikling Administrasjonen avgjer kva som er naudsynt dokumentasjon for at politikarane skal ha eit tilstrekkeleg avgjerdsgrunnlag.

KAP. IV UTBETALING OG KONTROLL M.V.

§ 6 - Utbetaling

Tilskotet vert utbetalt forholdsmessig etter kvart som arbeidet skrid fram, etter oppmoding frå søkjar.

§ 7 - Kontroll

Administrasjonen har ansvaret for naudsynt kontroll og/eller innhenting av dokumentasjon for at tiltaka er gjennomførte.

KAP. V UNNATAK OG KLAGE

§ 8 - Unnatak

Kommunestyret kan gjera unnatak frå regelverket når ein ynskjer det. Eit slikt unnatak må vera grunnlagt.

§ 9 - Klage

Klage på vedtak, og handsaming av slik klage, skal fylgja reglane gitt i Lov av 10. februar 1967, om behandlingssaker (Forvaltningsloven).

KAP. VI OM UTFYLLING OG ENDRING AV HANDSAMINGSREGLANE OG IKRAFTSETTING

§ 10 - Om utfylling og endring av reglane

HDU kan, når dei finn det naudsynt, gjera framlegg om endringar i regelverket. Kommunestyret fattar avgjerd.

§ 11 - Ikraftsetjing

Reglane trer i kraft frå vedtak i kommunestyret 17.3.2016.